

Det gode liv - heile livet

Saman med Helse Møre og Romsdal og Sjustjerna helse og omsorg arrangerer Høgskulen i Volda seminaret "Det gode liv - heile livet." Målet er at dette skal bli eit årleg arrangement under Forskingsdagane.

Innleiingsvis under seminaret reflekterer professor **Roar Amdam**, Avdeling for samfunnsfag og historie, over kva det gode liv kan vere, før vi får presentasjonar av lokale prosjekt som "Palliasjonsprosjektet" ved prosjektleiar **Anette Tarberg**, Ulstein kommune og "Kvardagslivsrehabilitering" ved ergoterapeut **Monica Gustavsen**, Ørsta kommune.

Høgskulelektor **Øystein Salhus**, Avdeling for kulturfag, vil spele for oss og samstundes demonstrere korleis sang og musikk kan nyttast i demensomsorga.

Vidare vil førsteamanuensis **Bente Hasle**, Avdeling for samfunnsfag og historie, presentere funn frå eit felles forskingsprosjekt med Mental Helse Ungdom om Sårbare barn og unge og brukarmedverknad. Korleis kan profesjonelle helse- og sosialarbeidarar både realisere retten til barnet til medverknad og retten til meirbeskyttelse fordi det er i ein vanskeleg livssituasjon?

Vi beveger oss frå palliasjon, rehabilitering for eldre, deltaking for barn og unge over til den tidlegaste barndommen og avsluttar seminaret med **Margreth Olin** sin omdiskuterte film "**Barndom**".